



HAREID KOMMUNE

Møteprotokoll

Utval:	Valstyret
Møtestad:	kommunestyresalen Myravegen 11
Dato:	20.05.2019
Tid:	Kl. 09:00

Medlemmar som møtte

Kristian Fuglseth
Jeanette Teigene
Oskar Grimstad
Annika Brandal

Representerer

FOHA
FRP
FRP
V

Funksjon

varaordfører
medlem
medlem
medlem

Forfall

Stian Runne Brandal
Ranja Dimmen Alme
Anders Riise (p)

Representerer

AP
FOHA
H

Varamedlem

Ragnhild Nedrelid
Ottar Røyset

Representerer

AP
H

Møtenotater:

Det var seks voterane ved møtestart.

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
08/19	Godkjenning av innkalling og sakliste	19/929
09/19	Godkjenning av protokoll	19/929
10/19	Endre førehandsrøystestad og - tid	19/854
11/19	Godkjenning av listeforslag kommunevalet 2019	19/825

Hareid, 22.05.2019

Kristian Fuglseth

08/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga og saklista vart godkjende utan merknad.

Behandling:

6 voterande ved møtestart.

Samrøystes vedteke.

09/19 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Vart godkjend utan merknad.

Behandling:

Samrøystes vedteke.

10/19 Endre førehandsrøystestad og - tid

Vedtak:

Rådmannen si tilråding:

Valstyret gjer om på vedtak PS 5/19 og stryk Coop som førehandsrøystelokale 26. august på grunn av usikkerheit knytta til riving av butikk.

Valstyret godkjenner at rådhuset har langope for førehandsrøysting torsdag 5. september kl 10-20.

Behandling:

Samrøystes vedteke.

Rådmannen si tilråding:

Valstyret gjer om på vedtak PS 5/19 og stryk Coop som førehandsrøystelokale 26. august på grunn av usikkerheit knytta til riving av butikk.

Valstyret godkjenner at rådhuset har langope for førehandsrøysting torsdag 5. september kl 10-20.

11/19 Godkjenning av listeforslag kommunevalet 2019

Vedtak:

Valstyret i Hareid kommune godkjenner følgande listeforslag som offisielle vallister ved kommunestyrevalet i Hareid 2019

- Arbeidarpartiet

- Folkelista for Hareid kommune
- Fremskrittspartiet
- Høgre
- Kristeleg Folkeparti
- Venstre

Dei godkjende listene skal kunngjerast innan 1. juni. Namnet på dei godkjende listene og kandidatane blir lagt ut på kommunen si heimeside og blir vist fram på førespurnad på servicetorget. Dei tillitsvalde for kvar liste skal tilskrivast, med kopi av godkjend liste.

Valstyret rettar også krinsnamn på kandidatane nr 15 Ap og nr 8 og 16 Frp.

I tillegg får Høgre høve til å sette på krinsnamn på si liste innan 24. mai.

Klagefrist er 7 dagar etter offentleggjering av dei godkjende vallistene. Dersom valstyret ikkje tek ein eventuell klage til følgje, skal Kommunal- og moderniseringsdepartementet avgjere klaga.

Behandling:

Fellsframlegg om endring av krinsnamn, foreslått av Oskar Grimstad, Fremskrittspartiet

Valstyret rettar også krinsnamn på kandidatane nr 15 Ap, nr 8 og 16 frp .

I tillegg får Høgre høve til å sette på krinsnamn på si liste innan 24. mai.

Rådmannens tilråding samrøystes vedteke.

Fellesframlegget samrøystes vedteke.

Rådmannen si tilråding:

Valstyret i Hareid kommune godkjenner følgjande listeforslag som offisielle vallister ved kommunestyrevalet i Hareid 2019

- Arbeidarpartiet
- Folkelista for Hareid kommune
- Fremskrittspartiet
- Høgre
- Kristeleg Folkeparti
- Venstre

Dei godkjende listene skal kunngjerast innan 1. juni. Namnet på dei godkjende listene og kandidatane blir lagt ut på kommunen si heimeside og blir vist fram på førespurnad på servicetorget. Dei tillitsvalde for kvar liste skal tilskrivast, med kopi av godkjend liste.

Klagefrist er 7 dagar etter offentleggjering av dei godkjende vallistene. Dersom valstyret ikkje tek ein eventuell klage til følgje, skal Kommunal- og moderniseringsdepartementet avgjere klaga.